



Vedtekter for Rosendal Samfunnshus SA

1. Organisasjon

Rosendal Samfunnshus SA er eit samvirkeforetak med:

- a. Vekslande andelseigarar av ideelle lag og organisasjonar.
- b. Vekslande kapital.
- c. Avgrensa ansvar.

Rosendal Samfunnshus har sin forretningsadresse i Kvinnherad Kommune.

Rosendal Samfunnshus bruker nettstaden www.rosendalsamfunnshus.no og e-postadressa post@rosendalsamfunnshus.no

2. Føremål

Føremålet med samvirkeforetaket er å driva Rosendal Samfunnshus SA på ein slik måte at det er ope for alle kulturelle og lovlege føremål.

Rosendal Samfunnshus SA har ikkje næringsdrift som føremål.

Ingen skal verta hindra i å leiga Rosendal Samfunnshus på grunn av religiøst eller politisk syn eller andre grunnar, som vil vera i strid med dei krav til toleranse som samfunnet set.

3. Bruk av huset

Rosendal Samfunnshus vert disponert slik samvirkeforetaket sine vedtaksfesta organ finn teneleg ut frå økonomi og dei føremål huset har.

Retten til å leiga Rosendal Samfunnshus skal vera lik for alle, men luteigarane skal likevel ha ein viss føremon.



4. Andelar

Andelar heretter kalla luter i Rosendal Samfunnshus vert overført frå fordelingar av lutar slik denne var i L/L Rosendal Samfunnshus pr 31.12.2017.

- a. Kvar lut (andel) lyder på kr 100,-
- b. Luter i Rosendal Samfunnshus SA kan berre teiknast i form av kontantinnskott. Utviding av kapitalen kan berre gjerast av ordinært årsmøte.
- c. Luteigare har ikkje ansvar overfor Rosendal Samfunnshus SA utover dei lutane dei har teikna seg for.
- d. Det skal ligge føre eit oversyn over fordeling av lutane.
- e. Overdraging av lutar kan berre gjerast mellom luteigarar, som er godkjende av årsmøtet. Overdraginga må godkjennes av årsmøtet.
- f. Om ein luteigar ikkje lenger vil vera del av Rosendal Samfunnshus SA kan dei overdra sine lutar jfr. pkt e. Om ingen vil overta lutane vil styret disponere lutane til ny organisasjon vil overta lutane.
- g. Sal av lutar til nye organisasjonar skal godkjennast på årsmøtet.
- h. Luteigar som ikkje lenger vil vera del av Rosendal Samfunnshus SA har ikkje krav på å få tilbake sitt innskott.
- i. Alle luteigare skal registrera ei e-postadresse som skal vera kontaktadresse til Rosendal Samfunnshus SA

5. Styreorgana i Rosendal Samfunnshus

Rosendal Samfunnshus SA har desse styreorgana:

- a. Årsmøtet
- b. Styret

6. Representasjon til årsmøtet

Årsmøtet er Rosendal Samfunnshus SA sitt høgaste organ og er sammensett av luteigarane sin valde representant etter ein slik representasjon:

Luteigarar med:	10-250 luter	1 representant til årsmøtet
Luteigarar med:	251-500 luter	2 representant til årsmøtet
Luteigarar med:	501-750 luter	3 representant til årsmøtet
Luteigarar med:	751-1000 luter	4 representant til årsmøtet
Luteigarar med:	1001 og fleire luter	5 representant til årsmøtet



7. Årsmøte

Årsmøte i Rosendal Samfunnshus SA skal haldast innan 31. mars kvart år.

Varsling til luteigarane om dato for årsmøte og meldefrist for sakane dei ønskjer å ta opp, skal gjerast skriftlig på e-post til luteigarane 3 veker før årsmøtedato og leggast ut på heimesida til Rosendal Samfunnshus innan same fristen.

Sakliste vedlagt årsmøtepapir skal vera luteigarane i hende seinast 14 dager før årsmøtet og lagt ut på heimesida til Rosendal Samfunnshus innan same fristen. Saklista til årsmøtet inneheld følgjande punkt:

1. Konstituering:
 - a. Registrering
 - b. Val av møteiar
 - c. Val av referent til møteboka
 - d. Val av 2 personar til å skrive under møteboka
 - e. Val av 2 personer til teljekorps
2. Årsmelding 01.01.xx – 31.12.xx
3. Rekneskap 01.01.xx – 31.12.xx med revisjonsmelding
4. Budsjett for inneverande år
5. Saker frå styret
6. Innkomne saker
7. Val av:
 - a. Styreleiar for 1 år
 - b. 2 styremedlem for 2 år
 - c. 3 varamedlem for 1 år
8. Val for 1 år av 2 revisorar med 1 vara.
9. Val av valnemd

8. Styret

Styret er samansett av 5 medlemmer og 3 varamedlemmer.

Leiar i styret vert vald for 1 år og vert vald for seg på årsmøtet. Dei øvrige 4 styremedlemma vert vald for 2 år slik at det kvart år et 2 styremedlem på val. Ved konstituering av det nye styret etter val i årsmøte, skal det veljast ein



nestleiar. Styret deler mellom seg dei ansvars- og arbeidsoppgåvene ein finn naudsynt for drifta.

Styret kan gjere vedtak når minst 3 av dei valde medlemmene/varamedlemmene er til stades og leiar eller nestleiar er ein av desse. Ved likt røystetal tellar leiar sin stemme dobbelt.

Prokura for Rosendal Samfunnshus har styreleiar åleine, eller nestleiar saman med et styremedlem.

Det skal førast møtebok med referat fra styret sine vedtak. Styret kan knytte til seg nemder og utval for ulike føremål.

9. Styret sine oppgåver

Styret set i verk årsmøtet sine vedtak og tek dei avgjerder som er naudsynte for administrasjon og løpande drift av Rosendal Samfunnshus.

Styret kan ikkje selja, pantsetja, kausjonera eller på annan måte binde Rosendal Samfunnshus SA sine faste eigedomar eller eigenluter.

Styret kan ikkje nytta Rosendal Samfunnshus SA sine midlar til andre føremål enn det som tener huset.

10. Dagleg Leiar og tilsetjing av lønna arbeidskraft

Rosendal Samfunnshus SA har ikkje dagleg leiar eller anna tilsett arbeidskraft.

Tilsetting av lønna arbeidskraft vert gjort etter at årsmøtet har gjort vedtak om oppretting av stilling, fastsett ansvarsområde og godkjend instruks for stillinga. Om Rosendal Samfunnshus SA skal ha dagleg leiar, må vedtektane endrast i høve til dette.

Når det ikkje er tilsett dagleg leiar har styret ved styreleiar ansvar for dagleg drift.

11. Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte vert halde :

Når styret kaller inn eller

Når luteigarane om representerer minst 1/3 av lutane krev det.



På ekstraordinært årsmøte kan berre dei sakene som står oppført på saklista handsamast.

12. Rekneskap og revisjon

Styret har ansvar for at det vert ført rekneskap. Rekneskapen skal følgje kalenderåret og avsluttast pr. 31.12.

Rekneskapen vert revidert av revisor vald på årsmøtet. Det vert utarbeida revisjonsmelding til årsmøtet.

13. Disponering av overskot

Årsoverskotet skal nyttast til investeringar eller vidare drift av huset og kan ikkje overførast til luteigarane.

14. Endring av vedtektene

Endring av vedtektene kan berre gjerast i ordinært årsmøte.

Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal av dei avgitte røystene. Blanke røyster vert tald som ikkje gitt.

Framlegg om endring av vedtekter kan gjerast av styret og av luteigarane. Framlegg frå luteigarane må vere styret i hende 14 dagar før varsla årsmøte.

15. Oppløysing

Vedtak om oppløysing av Rosendal Samfunnshus SA eller overdraging av heile eiga kan berre gjerast i årsmøte der 2/3 av lutane er representert og at minst 2/3 av dei møtande røyster for oppløysinga eller overdraginga.

Er ikkje 2/3 av lutane representert på møtet ved 1.-gongs innkalling, kan det kallast inn til nytt møte. Oppløysing av Rosendal Samfunnshus SA eller overdraging av heile eiga kan då vedtakast med minst 2/3 av dei møtande røystene i møte.

Innkalling til årsmøte for oppløysing av Rosendal Samfunnshus SA eller overdraging av heile eiga skal gjerast med varsel misnt 1 måned på førehand. Ved ei oppløysing av Rosendal Samfunnshus skal eventuelle verdiar i buet fordelast mellom luteigarane ut frå den andel av lutane dei held.

Vedtektene er godkjend på årsmøtet 20.03.2018.